



Turngruppa har starta trimsesongen og det skjedde onsdag, med aerobic-gruppa som hadde 14 deltakarar denne fyrste kvelden. Gruppa stilte med ny instruktør, som heiter Hege V. Nytun og bur i Herøysund.

Dermed har Anette Sund fått avlastning for ei av dei to gruppene ho har hatt, men ho held fram med step.

I kveld har gymstick starta og som før er det Janne Hjelmeland som tek seg av denne gruppa. Den hadde berre 7 med, men det blir sikkert fleire etterkvart. Dette har stort sett vore ei populær 'øving' sidan ho vart introdusert i 2007 her i bygda.

Step er utsett inntil vidare på grunn av andre arrangement i hallen på fleire måndagar, men barnetrimmen leia av Hege Lekva startar opp onsdag til veka. Då startar og idrettsskulen som blir leia av ymse foreldre avhengig av kva som står på programmet den bestemte kvelden. Idrettsskulen er for dei mellom første og fjerde klasse.

Over er gymstick-gjengen som i kveld besto av Janne Hjelmeland, Janne Yri, Anne Liise Flodsand (Herøysund), Jowe Flodsand (Herøysund), Edith Haugland og Line S. Taranger.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

